



Byggmester Steinar Thunold AS
Sollsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2449 - 18/23693

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

12.11.2018

Godkjenning- endringsløyve for plassering av tomannsbustad - GBNR 36/108

Administrativt vedtak. Saknr: 304/2018

Tiltakshavar: Egil Gripsgård

Ansvarleg søkjar: Byggmester Steinar Thunold AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova
(pbl.) § 20 – 1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til endra plassering i samband med oppføring av tomannsbustad på gbnr. 36/108 på Nordre Ådland. Opphavleg godkjenning vart gjeve i sak 1672449 DS 345/2016 den 22.11.16.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 05.11.2018. Tomannsbustad er flytta 70-80 cm mot nord-aust i samsvar med situasjonskartet datert 01.11.18 og motteke her 05.11.18.

VURDERING:

Nabovarsling:

Omsøkt endring har ikkje vore nabovarsla i samsvar med pbl § 21 - 3 første ledd, men ettersom arbeidet ikkje, eller i lita grad, berører interessene til naboar, finn ikkje kommunen grunnlag for å krevje nabovarsling i dette tilfellet, jf. andre ledd.

Byggverket si plassering:

Det følgjer av pbl § 29- 4 første ledd at byggverket si plassering skal godkjennast av kommunen.

På bakgrunn av vedlagte situasjonskart og teikningar kommunen godkjenner endra plassering som omsøkt.

Vedtak

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Meland kommune godkjenner søknad om endring av løyve som omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-4. Plassering av bygg skal vere som vist på vedlagte situasjonskart, datert 1.11.18 og motteke her den 05.11.2018.»

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og SOSI-data.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om endring
Innmålte data
Kart Riplevik vegen

Kopi til:

Egil Gripsgård

Mottakarar:

Byggmester Steinar Thunold AS

Sollsmittet 2

5136

MJØLKERÅEN